




Største laksar Etneelva

Bilder av dei største laksane eg kjenner til som er fanga i Etneelva. I boka "Det norske Næringsliv" fra 1952 seier ordførar Trygve Vinje at det har hendt at dei har fått laksar på 30-36 kg, men eg har aldri sett historiar om konkrete fiskar. Har og høyrte snakk om laksar på 22-25 kg men ingen bilder eller namn. Dersom nokon har bilder eller kjelder på store laksar fra Etneelva er eg takksam for å få dei med her.



Biletet er teke ved «gamle-krambua» på kaien og viser ein samla fangst på 88,5 kg, der den største laksen var på heile 22,5 kg. Fangsten er teken ved Hølabruno om kvelden den 22. og morgonen den 23. juni 1922. Fiskarane er Ingvald og Wilhelm Børretzen, med sistnemnde som kleppar. Engelskmannen som hadde leigt fisket, måtte reisa heim før tida, og overlet difor fiskedøgnet til desse to.

1. Ingvald Børretsen, Hølabruno (sone3) 22,5 kg 1922



2. Tørres Grindheim, 20,5 kg 8. mai 1970 (bildeigar Grethe Grindheim)




3. Erling Ronæs, Samkomen 18,5kg 1957 (bildeeigar Eldbjørg Løyning)



4. Tore Nielsen, Bergen. Langehølen 18,2 kg 2017

Harald Kvale med laks, 14,0kg fanga 21.7.1967 i Buskateigen, på Royal Coachmann no 6.. Bildet henta fra Etnesoga.





I 2012 fekk Sveinung Lien ein holaks på 19 kg i Langehølen under stamfiske. Den blei difor ikkje voge nøyaktig. Difor ikkje nummerert i lista.

Notater:

1944 : fekk dei ein laks 15kg den 14. august og ein 16 kg den 15. august i laksehola i Torefoss

1950: 13. juni 1950 laks 15,5 kg i laksehola Torefoss

1966: Største laks 14,7 kg Arvid Låte 3. juni Torefoss. Største Sjøaure A. Låte 6,3kg 16. juli i Torefoss

1967. Største laks 15.0kg Kjell Stange 21. mai sone 2. Største aure 4.0kg Arvid Låte Fiskehus 24. juli

1973: største laks 18,5 kg Største aure 3,8kg sone 14

1976: Største laks, 15.0kg, vart tatt i Sone 1 av ein svensk gut på ei lita Black Doctor.

1977: 5. Olav Grundesrud, Oslo Hansahølen ca 18kg midten av juni 1977

1978: Største laks 16,2kg Karmøyfiskar Buskateigen 16. sept

1982: Sjøaure på 8,4 kg i Torefoss. Største sjøaure siste 18år vart det sagt i årsmeldinga for elva.

1992: Laks 15,7 kg 117cm Sone 10. Kjell Ove Våg fortel i Grannar 19.8.2019 om at han fekk denne

Største laksar :

[2019: Alexander Fredagsvik 12,0 kg](#)

2018: Nils Een 9,3 kg

[2017: Tore Nielsen 18,2 kg](#)

[2016: Oddvar Lyssand 16,0 kg](#)

[2013: Ellen Marie Hagevik 11,4 kg](#)

[2012: Morten Viken 13,0 kg](#)

[2009: Arne Tysvær 13,9kg](#)

[2008: Tore Andre Helgevold 13,5 kg](#)

[2007: Kjartan M Strømø 12,5 kg](#)

[2006: Kjartan Handeland 13,2 kg](#)

2005 Knud Barslund 13,5 kg
2004: Kenneth Ellingsen 12,6 kg
2003: Michael Hugel 11,7 kg
2002: Ragnhild Risan 15,0 kg
2001: Vegar Grumheden 12,0 kg
2000: Johan Graner Haugse 14,0 kg
1999: Rune Hatletvedt 12,2 kg